



HURTIG KARTLEGGING OG HANDLING

“UTFORDRINGAR MED
NORMBRYTANDE ÅTFERD I
UNGDOMSMILJØET I ØYGARDEN
KOMMUNE”

1.0 Innleiing.....	4
1.1 Om Øygarden Kommune	4
1.2 Bakgrunn for kartlegginga	4
1.3 Barn og unges medverknad	5
1.4 Problemstilling, målgruppe og målområde.....	6
1.4.1 Avgrensing og begrepsavklaring	6
2.0 Kartlegging, metode og kjelder	6
2.1 HKH-metoden	6
3.0 Datainnsamling.....	7
3.1 Eksisterande informasjon, forskning og statistikk	7
3.2 Innleiande konsultasjon	8
3.2.1 Utarbeiding av problemstilling	9
3.3 Telefonintervju.....	9
3.4 Intervju med nøkkelinformantar.....	9
3.5 Intervju av målgruppa.....	10
3.6 Fokusgrupper	10
4.0 PROBLEMOMRÅDE.....	11
4.1 Kva kjenneteiknar målgruppa?.....	11
4.2 Sosialt tilhøyr og samspel.....	11
4.3 Rus	12
4.4 Kriminalitet	14
4.5 Bekymringsverdig seksuell åtferd	15
4.6 Heimesituasjon og psykisk helse - livssituasjon.....	15
5.0 Funn pågåande innsats.....	16
5.1 Tidleg innsats i skulen	16
5.2 Samhandling av tenester.....	17
5.3 Fritidsaktivitetar.....	18
5.4 Kriminalitet og rus.....	18
5.5 Heimesituasjonen og psykisk helse - livssituasjon.....	19
6.0 Analyse av udekte behov.....	20
6.1 Tidleg innsats	20
6.2 Seksuell helse.....	21
6.3 Kriminalitet	21
6.4 Rus	22
6.5 Skule	23
6.6 Samhandling av tenester.....	23
6.7 Fritidsaktivitetar.....	24
7.0 FORSLAG TIL TILTAK.....	25
7.1 Tidleg og rett hjelp	25
7.2 Styrke kompetanse	26
7.3 Miljøtiltak.....	26
8.0 HANDLINGSPLAN.....	27
REFERANSER.....	31

Takk til:

Alle ungdomar og foreldre som har medverka i kartlegginga. Alle tenester som har bidrege. Alle som har delteke i innleiande og avsluttande konsultasjon. Alle vi samarbeider med i det daglege, som har måtta ta eit ekstra tak fordi vi var opptekne med kartlegginga. Styringsgruppa som har vore engasjert og positive. KORUS, særleg Beate Kryvi og Marit Markestad, som tolmodig har rettleia oss i riktig retning.

Forord

Det skal vere godt å vekse opp i Øygarden er eit av hovudmåla i kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi skal arbeida systematisk for å sikre at alle barn og unge som veks opp i kommunen har like moglegheiter. Likevel har vi, basert på Ungdata, andre undersøkingar og observasjonar, opplevd ei bekymring knytt til ungdom og ungdomsmiljøet i kommunen vår. For å få meir informasjon om ungdomsmiljøet i Øygarden kommune, vart det avgjort å gjennomføre ein Hurtig Kartlegging og Handling (HKH). Målet med kartlegginga var å få betre innsikt og oversikt over ungdomsmiljøet i kommunen, og kva vi kan gjere for å møte aktuelle utfordringar på best mogleg måte. Kartlegginga har resultert i ein rapport, som både gjer kunnskapsgrunnlag, men og konkrete forslag til handling. Rapporten peikar på utfordringar og tiltak som kan vera rettleiande for innsatsen på området i framtida. Både ungdommar, foreldre/føresette, ulike tenester og representantar frå lag og organisasjonar har bidrege med informasjon og synspunkt i kartlegginga. For å løysa utfordringane krevst det samarbeid og samhandling i tida framover!

Eg vil rette ein takk til alle som har bidratt til rapporten, og gje ein særskild takk til ungdomstenesta i Øygarden kommune og KORUS Bergen for utarbeiding og ferdigstilling.

Marius Flesland Sylta, Kommunalsjef Oppvekst

Kartleggingsteam

Prosjektleder: Annette Henden, konstituert leiar Ungdomstenesta/SLT-koordinator

Skrivar: Silje Herdlevær, Ungdomslos Ungdomstenesta

Gunhild Fjell, rektor Gangstø Ressurssenter

Anette Ringheim, helsesjuepleiar på Tranevågen Ungdomsskule

Hilde M. Lønøy, konstituert avdelingsleiar Barnevernstenesta

Teamet er rettleia av Marit Roksvåg Markestad og Beate Johanna Kryvi frå KORUS Bergen. Kartleggingsteamet har hatt ansvar for å planlegge og gjennomføre kartlegginga, og KORUS har hatt ansvar for opplæring og rettleiing. Det har vore eit tett samarbeid i forkant, undervegs og i etterkant av kartlegginga.

1.0 Innleiing

1.1 Om Øygarden Kommune

Øygarden kommune ligg i Vestland fylke. Kommunen blei til etter ein landsomfattande kommunereform, og førte til samanslåing av Fjell, Sund og Øygarden kommune i 2020. Kommunen har per fjerde kvartal 2023 39 768 innbyggjarar. I aldersgruppa 10-19 år var det 5467 innbyggjarar, 2832 av dem gutar, og 2635 jenter (SSB, u.å.). I Øygarden kommune er det 15 barneskular, 5 ungdomsskular og ein vidaregåande skule med avdeling på Bildøy og i Skogsvåg. (Øygarden kommune, u.å.-b). Kommunen er langstrakt med tre kommunedelsenter, Rong, Skogskifte og Straume som det største og meste sentrale. Sartor Storsenter ligg på Straume og er eit av dei ti største kjøpesentera i Noreg (<https://www.sartorholding.no/eiendommer/sartorstorsenter/>). Senteret er eit trekkplaster for ungdom i Øygarden, og har dei seinare åra blitt ein stadig meir populær plass å opphalde seg. Det er også fleire ungdomsklubbar, butikkar og ein bussterminal på Straume.

I Øygarden Kommune viser oppvekstprofilen i 2024 at kommunen har, samanlikna med resten av landet, færre med vedvarande låg inntekt, men fleire med høg gjeld. Det kan gjere familiar i Øygarden meir sårbar for renteauke og dyrtid. Det er færre fattige, som bur trongt og færre som mottok sosialhjelp. Det bur færre unge med innvandrarbakgrunn i kommunen, og færre barn som bur i familiar med vedvarande låg inntekt. Det er ikkje signifikant fleire unge mellom 15 og 24 år som står utanfor arbeid eller utdanning enn resten av landet, men det er signifikant fleire unge uføre.

Oppvekstprofilen viser at kommunen skårar merkbart lågare enn både fylket og landet på fleire område som bemanning i barnehagar, trivsel på skulen for elevar i sjuande klasse, gjennomsnittlege grunnskulepoeng, einsamheit, regelbrot, skjermtid og psykiske plager. Oppvekstprofil har i 2024 fokus på vennskap og fellesskap. Det kjem fram at unge i kommunen er mindre nøgd, men trygg, i lokalområdet sitt. Oppvekstprofilen viser til ei noko høgare bruk av cannabis enn resten av landet, men på bruk av alkohol ligg kommunen under.

Øygarden Kommune er ein BTI-kommune. BTI står for Betre Tverrfagleg innsats, og er ein samhandlingsmodell for tenester som møter barn og unge, gravide og foreldre det er knytt bekymring til. Modellen skal bidra til tidleg innsats, samordning og medverking, og skal gje ein oversikt over handlingsforløp. At Øygarden er ein BTI-kommune betyr at tenestene forpliktar seg til å nytte samhandlingmodellen som eit verktøy i arbeidsmetoden (Berg & Vardheim, u.å.).

1.2 Bakgrunn for kartlegginga

I løpet av året 2023 har uroa kring utfordringar knytt til ungdomsmiljøet i kommunen auka. Valdshendingar og rusbruk blant ungdom har fått mediemerksemd, og tal på bekymringsmeldingar og straffesaker knytt til ungdom gjekk opp. Skulane har i same periode meldt om ei auke i vald, negativt språkbruk, truslar og anna kriminalitet.

Per juni 2023 har barnevernstenesta motteke 89 meldingar som kjem i kategoriene "barnets åtferd", "barnets kriminalitet" og "barnets rusbruk". Samanlikna med tidlegare år ser vi ei auke i meldingar til barnevernet. Dette tyder på ei bekymringsfull auke i saker relatert til barns åtferd, kriminalitet og rusbruk dei siste åra.

- **2020:** 35 meldingar
- **2021:** 95 meldingar
- **2022:** 126 meldingar
- **Per juni 2023:** 89 meldingar (første halvår)

I VG vart det den 11. november 2023 publisert ein artikkel om at ungdomskriminaliteten sjokkerte i Øygarden- og Askøy kommune. Politistasjonssjef Sven Erik Midthjell sa: "Den respektløysa og lovløysa vi ser no, er noko vi aldri har opplevd tidlegare" (Tobiassen & Skovrand, 2023). Politiet meldte per 11.11.23 at dei så langt det året hadde registrert 335 saker blant mindreårige i desse kommunane, mot 142 saker i same tidsrom året før. Dette utgjorde ein auke på 136 %.

Sartor Storsenter hadde sett ei kraftig auke i rapporterte hendingar. Det var ei generell bekymring knytt til samlingar av ungdomar på senteret, der nokon oppførte seg ufint mot andre kundar, slåst, og var synleg rusa. Tilsette i butikkane uttrykte frykt for å stå åleine på jobb, og senteret opplevde ein auke i hærverk og tjuveri. Ågotnes-området utmerkte seg også med liknande episodar.

Det var ei kjerne av ungdomar stod sentralt i desse hendingane. Det vart oppretta uformelle samarbeidsgrupper som arbeidde tverrfagleg for å gje best mogleg tilpassa tilbod til ungdomane og deira familiar. Ein vart raskt einige om at det var mykje synsing kring kva som faktisk føregjekk i ungdomsmiljøet: Kor mange var det grunn til å vere uroa for? Kor mykje rus var det blant dei unge, og kva var kriminalitetsbildet? Skular, hjelpetenester og politi opplevde situasjonen som uoversiktleg, og at innsatsen ikkje var tilstrekkeleg. Det vart sett i gang eit arbeid for å kartlegge situasjonen og den pågåande innsatsen.

Formålet med kartlegginga var å få ei oversikt over utfordringane, eksisterande tiltak og manglar i hjelpetilbodet. Kartlegginga legg grunnlaget for ein handlingsplan med anbefalingar om målretta tiltak. KORUS Bergen vart kontakta, og den 01.12.23 underteikna kommunen ein samarbeidsavtale om å gjennomføre ei HKH-kartlegging. Oppdragsgivar for kartlegginga er kommunalsjef for oppvekst, Marius Flesland Sylta. Styringsgruppa består av politistasjonssjef i Øygarden og Askøy, representant frå kommunestyret, kommunalsjef for oppvekst, kommunalsjef for helse og senterleiar ved Sartor Storsenter.

1.3 Barn og unges medverknad

Det har vore viktig at barn og unges stemme har blitt høyrte i kartleggingsprosessen. Representantar frå ungdommens kommunestyre deltok både i den innleiande konsultasjonen, der målgruppe og målområde vart definert, og i den avsluttande

konsultasjonen, der funn og prosess vart presentert. I intervjuprosessen er eit mangfald av unge høyrte. Deira meiningar og observasjonar er tillagt stor vekt. Det er gjennomført eit fokusgruppeintervju med totalt åtte ungdommar, to ungdommar har vore nøkkelinformantar, og sju barn og unge frå målgruppa er intervjuja.

1.4 Problemstilling, målgruppe og målområde

Under innleiande konsultasjon kom det fram størst uro knytt til barn og unge 10-16 år, og områda knytt til Straume terminal, Sartor Storsenter og områda rundt.

Etter innleiande konsultasjon blei problemstillinga spissa til:

“Utfordringar med normbrytande åtferd i ungdomsmiljøet knytt til Straume Sentrum og område rundt”

- ***kva slags tilbod og hjelp møter ungdommen?***
- ***kva treng dei?***

1.4.1 Avgrensing og begrepsavklaring

Normbrytande åtferd forklarast som ein type åtferd som bryt med samfunnets normer og reglar. Norm kan forståast som ein regel som seier noko om forventa oppførsel. Det kan forklarast som ein uskriven regel på korleis ein skal oppføre seg i samfunnet (Haugseth & Tjora, u.å.)


Målgruppa for kartleggingsarbeidet vart definert som jenter og gutar i alderen 10-16 år. Målområde er vidare definert som: Sartor Storsenter, Straume Terminal, Kystbygarasjen (trappeoppgang), Sjøfronttunnellen.

I denne rapporten har vi valt å bruke omgrepet "pågåande innsats" for å beskrive dei eksisterande tiltaka som allereie er sett i verk for å møte utfordringane i ungdomsmiljøet. Dette omfattar både tiltak frå ulike tenester og tverrfaglege samarbeid som har som mål å førebyggje og redusere negative utviklingstrekk blant ungdom.

2.0 Kartlegging, metode og kjelder

2.1 HKH-metoden

Hurtig Kartlegging og Handling (HKH) bygger på kartleggingsmetoden Rapid Assessment & Response, utvikla av Verdas helseorganisasjon. Metoden er tilpassa til norske forhold av KORUS Vest. Metodens styrkje er at den gjer det mogleg å kartlegge, rapportere og foreslå ein handlingsplan opp mot eit problemområde på kort tid. Målet med kartlegginga er å sikre nok kunnskap til å kunne handle, sjølv utan vitskapeleg perfeksjon (Berg & Flesland, 2014).



Formålet med HKH er å kartlegge ulike sosiale- og helsemessige problemområde, altså atferd eller samfunnsforhold som kan ha negative konsekvensar, hos ulike målgrupper. Det unike med HKH metoden er at ein både kartlegg det spesifikke problemområdet, samstundes som ein undersøker pågåande innsats. Dermed bruker ein i hovudsak eksisterande data, og nye undersøkingar gjennomførast berre dersom data er mangelfull (Berg og Flesland, 2014). Metoden har fokus på lokalt eigarskap og engasjement i kartlegginga, som er naudsynt for ei vidare implementering av tiltaka som utformast i handlingsplanen. KORUS Vest har utarbeida ein manual for opplæring i metoden (Berg & Flesland, 2014).

Kartleggingsteamet har gjennomført:

- Innleiande konsultasjon
- Intervju av aktuelle tenester om problemområde og pågåande innsats
- Innhenting av eksisterande informasjon, forskning og statistikk
- Intervju med nøkkelinformantar
- Målgruppeintervju
- Fokusgruppeintervju med ungdomsskuleelevar
- Fokusgruppeintervju med miljøterapeutar frå skulene
- Avsluttande konsultasjon

3.0 Datainnsamling

3.1 Eksisterande informasjon, forskning og statistikk

Data frå Statistisk Sentralbyrå, politiet, Ungdata undersøkinga og folkehelse- og oppvekstprofilen til Øygarden kommune er innhenta for å gje bakgrunnsinformasjon, og for å underbygge funn. Bergen kommune sin HKH rapport "Bekymringsverdig rusmiddelbruk blant barn og unge i Bergen" har gitt oss verdifull bakgrunnsinformasjon om ungdom og rus.

I denne studien har fleire relevante rapportar, nasjonale og internasjonale, og forskingsbidrag blitt nytta som grunnlag for analysen. BTI-rapporten "Kompetanse, samarbeid og

samhandling i norske kommuner: En undersøkelse fra 73 norske BTI/BTS-kommuner" har vore sentral i kartlegginga av korleis tenestene samarbeider om tidleg innsats i kommunar.

Vidare har rapporten frå Folkehelsemyndighetene i Sverige, "En guide för yrkesverksamma om vetenskapligt baserad ANDTS-prevention" (Folkhälsomyndigheten, 2021), vore brukt som eit referansepunkt for førebyggjande arbeid i skulemiljø. I tillegg har Jacobsen (2022) si bacheloroppgåve "Årsaker til utanforskap blant unge i risiko, og kva slags støtte og tiltak er nødvendige for å redusere denne opplevinga" bidratt med innsikt i utfordringar knytt til utanforskap. Rapporten frå Barne- og likestillingsdepartementet (2009), "Oppsøkende og utadrettet arbeid overfor ungdom utanfor opplæring og arbeidsliv," har også vore relevant for å forstå oppsøkjande arbeid som metode for å hjelpe ungdom som fell utanfor. Desse kjeldene gir eit breitt grunnlag for å analysere utfordringar og tiltak for risikoutsett ungdom.

I nye Øygarden kommune har det sida kommunesamanslåinga vore to Ungdata undersøkingar, ein i 2021 og 2024. I skrivande stund er ikkje alle resultatane frå undersøkinga i 2024 enda komen inn. Det vart i år også gjennomført ei undersøking på mellomtrinnet på barneskulane, ingen av dei "gamle" kommunane har gjennomført dette før. Undersøkinga i 2021 vart gjennomført under pandemien med fleire restriksjonar, så resultatane bør samanliknast med varsemd. Dei tre samanslåtte kommunane sine undersøkingar kjem frå ulike år og med varierende metodar. Likevel har vi valt å fokusere på konkrete spørsmål som er relevante for kartlegginga.

3.2 Innleiande konsultasjon

Innleiande konsultasjon vart arrangert 8. desember 2023. Målet med konsultasjonen var å samle ulike aktørar som arbeider med og for ungdom, for å få deira perspektiv på utfordringane i ungdomsmiljøet. På samlinga deltok aktørar frå mellom anna frivilligheita, næringsliv, barnevern, ungdomsrådet, politikarar, kommunens egne tenester og trussamfunn. Ungdomsutfordringar sett i ulike perspektiv vart presentert av politi, næringsliv, kommunalsjef og frivilligheita.



3.2.1 Utarbeiding av problemstilling

Som nemnt var formålet med den innleiande konsultasjonen å få fram bekymringane til dei som faktisk jobba med og for ungdom. Kartleggingsteamet ønskja innspel på kven ungdommane i målgruppa var, kvar dei kjem frå, kva utfordringar dei har og korleis ein på best mogleg måte kan hjelpe dei og familien.

Frå innleiande konsultasjon kom det fram størst bekymring knytt til jenter og gutar i alderen 12-16 år som oppheldt seg på Sartor Storsenter og områda rundt på Straume. Andre område som vart nemnt var Ågotnes, Rong, Sund, Skogsskiftet og Møvik. Aldersgruppa 8-11 år og 7-19 år vart også trekt fram. Ungdom frå Ågotnes vart oftare nemnt enn ungdom frå andre lokalsamfunn, men felles for alle var at dei trekte mot Straume, der mykje av kriminaliteten og uroa fann stad.

Deltakarane i kartlegginga prioriterte dei utfordringane dei observerte i ungdomsmiljøet. Blant dei mest tydelege utfordringane var mangel på respekt for vaksne, foreldreinvolvering og grensesetting. Det vart også lagt vekt på ungdommanes manglande sosiale tilhøyr og behov for meir heilskapleg tilnærming i arbeidet med ungdom. I tillegg peika deltakarane på manglande kartlegging av beskyttelses- og risikofaktorar rundt ungdommane. Andre bekymringar inkluderte åtferd knytt til rus, vald og kriminalitet, bekymringsverdige seksuell åtferd, og ein aukande tendens til gjengmentalitet og gruppepress.

Etter å ha arbeida med informasjonen frå innleiande konsultasjon vart problemstillinga:

“Utfordringar med normbrytande åtferd i ungdomsmiljøet knytt til Straume Sentrum og område rundt”

- *kva slags tilbod og hjelp møter ungdommen?*
- *kva treng dei*

3.3 Telefonintervju

Aktuelle instansar og tenester som er i kontakt med målgruppa fekk tilsendt spørsmål om pågåande innsats og kva dei såg av udekte behov i tenesteapparatet. Spørsmåla vart så følgd opp gjennom telefonintervju for å få utdjupa svara. Dei som vart intervjuja var mellom anna politi, nokre frivillige organisasjonar, spesialisthelsetenesta og kommunale tenester. Tema for intervju og kartlegging var kva tilbod dei har til målgruppa og korleis tenesta kan styrkast gjennom kompetanseheving og brukartilpassing.

3.4 Intervju med nøkkelinformantar

Etter innleiande konsultasjon og telefonintervju var det nokre nøkkelinformantar frå ulike tenester som var sentral å innhente meir informasjon frå. Ein nøkkelinformant er ein person som har «ekspertkunnskap» på feltet. Til saman to ungdommar, to føresette og seks

personar frå relevante tenester som barnevern, politi og ungdomstenesta vart intervjuva som nøkkelinformantar. Nøkkelinformantane som var ungdom, var peika på av andre ungdomar i målgruppa til å sitte på mykje informasjon.

3.5 Intervju av målgruppa

Sju ungdomar i alderen 13 til 16 år er intervjuva som målgruppeinformantar. Desse ungdomane var kjent for kartleggingsteamet, og dei tilhørde anten sjølve målgruppa eller har nær kjennskap til ungdom i målgruppa. Ungdomar i målgruppa var også involvert i å peike ut aktuelle informantar. I intervjuva vart ungdomane spurt om pågåande innsats, korleis dei vurderte at tiltaka treff ungdoms behov, og kva dei meiner ungdom treng.

3.6 Fokusgrupper

Det vart gjennomført eit fokusgruppeintervju med totalt åtte ungdommar. Her fekk vi hjelp til rekruttering gjennom Basecamp, som gav informasjon og invitasjon til ungdomane på førehand. Ungdomane skulle møte på Sartor bowling, men berre ein kom. Metoden på slump vart då nytta. Ungdomen som kom henta inn tre av sine vener og Basecamp sendte ned fire ungdomar som tilfeldigvis var på Ope hus den dagen. Når ungdomane kom saman ville dei ikkje sitte rundt same bord og vi måtte dele gruppa, og ha to fokusgrupper.

Det vart også gjennomført fokusgruppeintervju med 11 miljøterapeutar frå alle ungdomsskulane.



4.0 PROBLEMOMRÅDE

4.1 Kva kjenneteiknar målgruppa?

Funn tidleg i kartlegginga mellom anna i innleiande konsultasjon var styrande for val av målgruppa. Det som kjenneteikna målgruppa var at dei i hovudsak var ungdomsskuleelvar med ei overvekt av ungdom på 8. og 9. trinn. Dei var mykje ute og flytta seg mellom Ågotnes og Straume. Dei var frekke mot kvarandre og vaksne, nokon av dei var til tider tydleg rusa, og det var episodar der dei hadde teke fram stikkvåpen.

I kartlegginga kom det fram at ein var spesielt bekymra for ein kjerne på fem til ti ungdomar grunna omfattande rusbruk og gjentatte valdshendingar. Rundt denne gruppa fann ein også rundt 30 - 40 ungdomar som vart karakteriserte som "randsoneungdom" – ungdom som står i nær relasjon til kjernen og som er i risiko for å bli involvert i dei same problematiske miljøa. Noko av bakgrunnen for kartlegginga var ei auka uro i skular, hos hjelpetenester og politiet grunna normbrytande åtferd hos yngre barn. Åtferd som tidlegare var assosiert med ungdomar i ungdomsskulealder såg ein no oftare på barneskulane.

4.2 Sosialt tilhøyr og samspel

Målgruppa sine egne opplevingar er ein viktig del av kartlegginga. Det kjem tydeleg fram at behovet for å høyra til og meistring er avgjerande for trivsel og utvikling. Ungdomar i målgruppa gjer uttrykk for at dei føler seg utanfor, både i skulen og sosialt. Dei opplever ofte hierarki, frykktkultur og flyktige vennskap som gjer det utfordrande å finne stabil støtte blant jamaldrande. Vennskap endrar seg raskt, og lojaliteten er skjør. Dette skapar ein utrygghet som påverkar ungdommens trivsel negativt. Tal frå Ungdata 2024 viser at så mange som 32 % av ungdommane har opplevd å bli slått av jamaldrande, og 8 % har opplevd å bli trua eller slått med gjenstandar eller våpen. Desse tala understrekar behovet for å ta ungdommens stemme på alvor og sette inn tiltak som kan styrke deira sosiale tryggleik og trivsel.

Foreldre og andre vaksne spelar ei sentral rolle i ungdomanes liv, men kartlegginga viser at fleire unge i målgruppa føler seg overlet til seg sjølv. Dei saknar at vaksne tek seg tid til å vere saman med dei, sette grenser og viser at dei bryr seg. Ungdomane seier at vaksne må oppmuntre til deltaking i sunne aktivitetar, som organisert idrett, og ikkje gje opp sjølv om ungdommen mister interessa. Ungdata 2024 viser at Øygarden kommune har færre unge som deltek i organiserte aktivitetar enn nasjonalt, med 19 % mot 16 %. Ungdom som ikkje deltek i slike aktivitetar kan lettare, i sin søken etter å høyre til, havne i meir utrygge sosiale miljø.

Tenester rapporterer om unge som seint får avdekkja utvikling- og lærevanskar. Manglande meistring på skulen bidreg til utanforskap. Når barn og unge ikkje klarer å henge med fagleg, kan dette føre til at dei føler seg utanfor. Meistring av grunnleggande ferdigheiter som å kunne lese, skrive og rekne er naudsynt for å delta i samfunnet. Det er derfor viktig at skulen tek tak i faglege utfordringar tidleg for å sikre at alle elevar har like moglegheiter til å lykkast.

Lærarar spelar ei viktig rolle i å skape eit inkluderande skulemiljø der elevane kjenner at dei blir sett og høyrte. Tiltak som vert sett inn i skulen er gjerne avlastande for både klassemiljø, elev og lærar, men det er viktig at tiltaka også er kompenserte og styrkande på dei grunnleggjande ferdighetane. Målgruppeinformantane er opptatt av det å vere inkludert i fellesskapet. Fleire peikar på at det ikkje er bra å bli tatt ut av klassen og satt saman med andre elevar som også har det vanskeleg.

Oppsummering:

- Fleire ungdommar opplever utanforskap på skulen, der manglande fagleg meistring kan vere ein faktor.
- Målgruppa har behov for å høyre til, men knyter seg ofte til grupper som ikkje gir ekte vennskap og støtte.
- Hierarkiske strukturar og frykttkultur kan forsterke kjensla av utanforskap og svekkje den sosiale tryggleiken.
- Målgruppa føler seg overlatne til seg sjølv og opplev mangel på tett oppfølging frå vaksne.
- Ein manglande respekt for vaksne og ein utfordrande åtferd går igjen.
- Færre unge deltek i organiserte aktivitetar samanlikna med den nasjonale gjennomsnittet.

4.3 Rus

Kartlegginga viser at rusmiddelbruk blant ungdom har fått stor mediemerksemd den siste tida, men det er vanskeleg å få eit klart bilete av omfanget. Det er vanleg å høyre rykte om både tal, omfang og type rusmidlar som blir brukt. Eit viktig funn i kartlegginga er at illegale rusmidlar er lett tilgjengelege, og kan skaffast på kort tid. Plattformene Telegram og Snapchat blir særleg trekt fram som forum for kjøp og sal av rusmidlar. Sartor Storsenter og Straume sentrum er nemnt som stadar der rusmiddelbruk skjer.

Målgruppeinformantane fortel at dei fleste er på skulen på dagtid, men at kjøp og bruk av rusmidlar ofte skjer rett etter skuletid. Skular som har skuleskyss via Straume terminal rapporterer om ungdom som kjøper rusmidlar før skuletid. Det er eit tydeleg funn at alkohol, etterfølgt av hasj, er dei mest brukte rusmidlane blant ungdom, og at få prøvar sterkare stoff. Målgruppeinformantane seier foreldre ofte ikkje har kjennskap til kva dei held på med, og til omfanget av rusbruken. Dei seier også at ungdom som vil vere kule brukar rus openlyst på Sartor, medan dei som nyttar rus for å roe seg eller som ein form for medisin, gjerne gjer dette heime.

Kartlegginga viser også at ungdom ofte ikkje er mottakelege for behandling og hjelp. Dersom ein ungdom treng avrusing eller behandling kan det vere utfordrande å få ungdommen med på dette. Ungdom etterspør tydelege grenser frå foreldre, lærarar og politi, og meiner at uheldig

åtfærd ofte får utvikle seg for lenge før nokon grip inn. I HKH-rapporten til Bergen *“Bekymringsverdig rusmiddelbruk blant barn og unge i Bergen” (2023)* oppgjer fleire informantar at ungdom som utviklar eit bekymringsverdig rusmiddelbruk, ofte har hatt normbrytande åtfærd i barnehage- og barneskulealder. Det gjer at vi skal vere ekstra observant overfor denne gruppa når det gjeld eksperimentering og bruk av rusmidlar. Ein ungdom uttrykte det slik: “Eg har det veldig bra, men hadde eg vore foreldra mine, hadde eg stramma skikkeleg inn”.

Eit funn er at tenester manglar kompetanse på rus, og ikkje veit korleis dei skal møte ungdom som er rusa. Det er også ei frykt for å spørje om rusmiddelbruk, fordi mange kjenner at dei ikkje kan tilby «rett» hjelp. Tenestene etterspør auka kompetanse og betre tilbod for rusbehandling og oppfølging. Dette funnet blir støtta av Berg og Vardheim (u.å.), som viser at det er store variasjonar i kompetansen blant tilsette i kommunane om risikofaktorar som omsorgssvikt, lærevanskar, psykiske helseutfordringar og rusmisbruk.

Når det gjeld resultatane frå Ungdata-undersøkingane, skil ikkje Øygarden seg frå Askøy eller Bergen kommune når det kjem til bruk av cannabis eller andre illegale rusmidlar. Sjølv om auken i unge som nyttar illegale rusmidlar ikkje er stor, er det ei svak auke dei siste åra. Dette samsvarer med nasjonale og internasjonale tal. 6 % av ungdomane oppgjer at dei har prøvd cannabis, medan 2 % seier at dei har brukt det 11 gonger eller meir. Når det gjeld andre illegale rusmidlar enn cannabis, er det 4 % av ungdomane i ungdomsskulealder som har prøvd desse.

Avslutningsvis kan det seiast at sjølv om kartlegginga ikkje har avdekt omfattande rusbruk i målgruppa, kan funn tyde på at det er meir vanleg å eksperimentere med rus blant ungdom i denne gruppa. Det er også eit funn at hos nokon i målgruppa er rusbruken av ein slik grad at det er truleg behov for behandling og avrusing.

Oppsummering:

- Rusmidlar er lett tilgjengeleg via sosiale medium som Telegram og Snapchat.
- Cannabis er det mest utbreiide illegale rusmiddelet i Øygarden Kommune.
- Bruken av alkohol blant ungdom i Øygarden Kommune er mindre vanleg enn nasjonalt.
- Kjøp og bruk av rusmidlar skjer ofte etter skuletid.
- Mange føresette er ikkje klar over omfanget av rusmiddelbruk blant sine barn.
- Ungdom er ofte lite mottakeleg for behandling og hjelp. Tillit og frivillig engasjement er viktig.
- Ungdom etterspør tydelege grenser frå vaksne.
- Det er eit generelt behov for auka kompetanse blant tenester om rus.


4.4 Kriminalitet

Tjuveri var eit sterkt funn gjennom rapporten og informantane fortel at steling er normalisert. Tjuveri blant ungdomane som er prega av vald eller truslar, definert som ran etter straffeloven, er også nemnt. Funn frå kartlegginga viser at bakgrunnen for at ein stel varierer. Det kan vere mangel på pengar, status, press frå jamaldrande eller at ein søker spenning og testar grenser. Nokon gjer det også for å vere som dei andre og få innpass i gjengen. Ungdom er kjent med kriminell lågalder, at dei under 15 år ikkje kan straffast. Dette samsvarer med politiets rapportering med at auken i steling er størst blant dei yngre. Målgruppa nemner sjølvbetjeningskassar som nærmast eit lokkemiddel til å stele, det er så enkelt at “kvifor ikkje”.

Ungdata viser at 15% av ungdomsskuleelevar oppgjer å ha stelt. På tredje år på vidaregåande har dette auka frå 2% i 2019 til 14% i 2024, noko som kan forsterke funnet i HKH kartlegginga om at det er blitt meir normalisert å stele. Samla i kategorien “Regelbrot” er det 22% som har utført fleire regelbrot mot 16% nasjonalt.

Gjennom kartlegginga nemner fleire at det ikkje er uvanleg at ungdom ber kniv, og at det også førekjem skytevåpen. Årsaka til at ein vel å bere våpen er ikkje eintydig, men beskyttelse av seg sjølv kjem fram som ein viktig faktor. Politiet rapporterer at det har vore åtte straffesaker det siste året knytt til ungdom under 18 kor dei ber kniv eller skytevåpen. Sakene er som regler koda til truslar, og fleirtalet er meldt av skulane. Politiet påpeiker at dei sjeldan ransakar eller visiterer ungdom, det må føreligge heimel for at dei skal kunne gjere dette. Politiet får informasjon om at fleire enn det dei avdekker går rundt med kniv, og at tala deira ikkje nødvendigvis er representative.

Dei rapporterte kriminelle hendingane på Straume blant dei under 18 år har auka frå 50 til 94 saker frå 2022 til 2023. Vinningskriminalitet står for fleirtalet. Det er ei auke frå 175 til 365 under-18 sakar i Askøy og Øygarden. Politiet framhevar aukande fryktkultur, fleire førstegongskriminelle og ein utrygghet i ungdomsmiljøa og det offentlege rom.



Oppsummering:

- Politiet melder om ein auke i straffesaker knytt til ungdom under 18 år.
- Steling blir rapportert som normalisert blant ungdommar. Årsak er varierte, men kan vere økonomiske behov, status, press frå jamaldrande eller ønskje om spenning.
- Sjølvbetjeningskassar er eit lokkemiddel for ungdom som stel
- Målgruppeinformantane seier at ungdom ofte ber kniv, i hovudsak for å beskytte seg sjølv.
- Politiet rapporterer om aukande frykktkultur og ein utryggheit i ungdomsmiljøa og det offentlege rom.

4.5 Bekymringsverdig seksuell åtferd

Ungdata-rapporten viser at 15 % av jentene på ungdomstrinnet har opplevd å bli rørt på ein seksuell måte mot sin vilje, noko som er nesten dobbelt så mykje som hos gutane. Når det kjem til seksuell trakassering og ryktespreiing, ligg gutane tett opp mot jentene. I forkant av kartlegginga uttrykte både instansar og føresette uro rundt dette temaet, men kartlegginga gav få klare funn.

Temaet er uoversiktleg, og eit av hovudfunna i rapporten er at mange har høyrte om hendingar, men få veit noko konkret. Informantane påpeikte at mykje av informasjonen dei hadde, kom frå rykte. Sjølv om undersøkinga ikkje avdekte tydelege funn, vart det peikt på ei uro knytt til jentene i målgruppa, spesielt når det gjeld jenter som får tak i rusmidlar utan å ha pengar. Politiet melder om få saker rundt dette, men påpeiker at det truleg finst mørketal.

Oppsummering:

- Det er ei uro knytt til bekymringsverdig seksuell åtferd hos jentene i målgruppa.
- Ein veit ikkje kva som er rykte og faktiske forhold når det gjeld bekymringsverdig seksuell åtferd.

4.6 Heimesituasjon og psykisk helse - livssituasjon

I kartlegging kjem det fram at fleire av ungdomane i målgruppa har psykiske helsevanskar eller utviklingsforstyringar som ADHD eller autismespekterdiagnosar. Fleire er i behandling hos eller har hatt kontakt med Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP). Om det er ei reel opphoping av diagnosar hos målgruppa klarer ikkje kartlegginga å avdekke, men det nemnes av fleire. Ein ungdom sa: “du kan ikkje jo ikkje ha det så bra når du løpar rundt på Sartor og hylar og skriker”.

Det er sannsynleg at nokon av desse ungdommane slit med alvorlege psykiske lidningar, og informantar frå tenestene er uroa for at dei ikkje får den hjelpa dei treng. Ifølgje Nordanger og Braarud (2014) er det kjent at redsel og stress ofte ligg bak utagering og sinne, spesielt hos

unge som har opplevd traume eller psykiske påkjenningar. Det er også ei uro for kva dei opplev i miljøet kan få av innverknad på psykisk helse. Ein del unge i målgruppa er i konstant beredskap då dei alltid er i konflikt med nokon, og nokon vert også utsett for psykisk og/eller fysisk vald av jernaldrane. Ein del av denne valden er kamuflert som leik, noko som kan gjere det vanskeleg å varsle. Er du “ikkje med på leiken” kan du raskt hamne utanfor gjengen. Utanforskap blant unge kan føre til langvarige utfordringar som dårleg psykisk helse, svekt sosial tilhøyre og redusert deltaking i skule eller arbeid (Bunting et al., 2020). Dette understrekar viktigheita av tidleg intervensjon og støttande tiltak for å hindre vidare marginalisering av risikoutsette ungdommar

Eit anna funn i kartlegginga er at fleire i målgruppa kjem frå heimar der foreldra er skilt, kor mor ofte har den daglege omsorga. Konflikhtar, vald og rus i heimane kjem også fram. Ein deler kanskje det at ein har det vanskeleg med ein ven, men ynskjer ofte ikkje å fortel dette til andre vaksne. Ein ungdom i kartlegginga poengterte at “ingen vil at noen skal vite det om faren din er narkis”. Fleire av målgruppeinformantane seier at det viktig at foreldre får hjelp og støtte. Eit trygt og støttande forhold mellom foreldre og barn reduserer risikoen for problemåtferd og psykiske utfordringar (Steinberg, 2014). Forsking viser også at ungdommar med foreldre som er involverte og set tydelege grenser, har betre føresetnader for å lykkast både sosialt og fagleg (Smetana, 2017).

Oppsummering:

- Fleire ungdom i målgruppa har psykiske helsevanskar og/eller utviklingsforstyrningar.
- Informantar frå tenestene er uroa for at den normbrytande åtferda er eit symptom på psykiske vanskar dei ikkje får hjelp for.
- Fleire av ungdommen i målgruppa kjem frå heimar kor føresette er skilt, og mor har den daglege omsorga.
- Nokre ungdommar har heimar prega av konflikhtar, vald og rus.

5.0 Funn pågåande innsats

Øygarden kommune har fleire ulike tenester og tiltak som rettar seg mot målgruppa, både internt og eksternt. Det er også mange frivillige aktørar som gjer ein stor innsats. Oversikten her gjer ikkje eit fullkome bilete av alle, men visar til dei som er hyppigast nemnt i kartlegginga. Funna i pågåande innsats oppsummerar eit samla inntrykk frå informantane.

5.1 Tidleg innsats i skulen

Skulene har kontinuerleg fokus på læringsmiljøet til elevane. Dei nyttar ulike trivselsundersøkinga for å kartlegge læringsmiljøet. Alle ungdomsskulane, og nokre barneskular, har ein eller fleire miljøterapeutar. Det er ulikt korleis deira arbeid er organisert på skulane, men det å ha eit ekstra fokus på sårbare elevar går igjen. Miljøterapeutane har

dermed ofte god kjennskap til ungdommane i målgruppa. Fleire av skulane er også MOT-skuler, og jobbar systematisk mot å skape robuste ungdom, som inkludera andre (MOT, u.å.).

Språksatsinga i Øygarden kommune har som mål å styrke språkferdigheitene blant barn og unge gjennom systematisk arbeid med språkstimulering i barnehage og skule. Gjennom satsinga blir det lagt vekt på tidleg innsats for å sikre at alle barn utviklar gode språkkunnskapar som legg grunnlaget for vidare læring og deltaking i samfunnet. Ved behov kan skulene kople på Pedagogisk psykologisk teneste (PPT). PPT kan gje barn og føresette råd og rettleiing om utvikling, opplæring, trivsel og tilpassing til heim, barnehage og skule. PPT utgreier og gjer råd rundt barn og unges behov for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning (Øygarden Kommune, u.å.-a.).

Alle skulene i Øygarden Kommune har skulehelseteneste, men i varierende storleik. Helsesjukepleiar har faste oppgåver. Oppgåvene på barneskulen inkluderer oppstartsamtale i 1. klasse, undervisning om kosthald, psykisk helse, pubertet og rusmidlar, og miljøretta undersøking ved skulen. På ungdomsskulen tilbyr dei individuelle samtalar, og undervisning om seksuell helse, prevensjon og grenser. Dei har moglegheit til å tilvise til fastlege, augelege, kommunepsykolog og foreldrerettleiingsgrupper som for eksempel COS-kurs (Circle of Security) og ICDP (International Child Development Programme) (Øygarden Kommune, u.å.-e).

Skulene kan lose ungdommar vidare til helsestasjon for ungdom (HFU), som er eit gratis drop in tilbod. Der kan ein få informasjon, hjelp og samtaler rundt psykisk, fysisk og seksuell helse

5.2 Samhandling av tenester

Et gjennomgåande funn i kartlegginga var etterspurnad etter eit system for samhandling. Øygarden Kommune følgjer BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats). BTI består av ein grunnmodell med tilhøyrande handlingsrettleiar, verktøy og kompetanse til dei tilsette, og skal sikre betre tverrfagleg innsats. Modellen skal vere ein rettleiar for korleis ein går fram når ein er bekymra for barn, ungdom eller familiar. Rettleiaren skildrar strukturen og prosessane ein skal nytte seg av i arbeidet med barn og unge (Øygarden kommune, u.å.-g.). BTI har også ein stafettlogg som skal nyttast som eit verktøy i samhandling og koordinering av tiltak. Ungdommar som er i kontakt med ulike hjelpetenester, har ofte jamlege tverrfaglege samhandlingsmøter. Formålet er å koordinere tenester og sikre informasjonsflyt. Form, hyppigheit og aktørar er varierende.

Informantar frå målgruppa og foreldre i kartlegginga opplev tenestene som sprikande og ikkje tilpassa deira behov. Dei opplev å måtte vente på hjelp, sjølv i situasjonar som for dei er akutte. Dei seier at tenesteapparatet ikkje klarar hjelpe når situasjonen vert alvorleg, men at dei blir ståande aleine i det. Ein forelder beskriv det slik: «huset brenn, men du må bestille brannslökkingsapparat og vente på at det kjem i posten».

5.3 Fritidsaktivitetar

I kommunen er det fleire idrettslag som driv organisert aktivitet. Eit medlemskap i eit idrettslag krev ofte ein økonomisk utgift. Det finnes tilbud hos dei ulike idrettslaga, blant anna gjennom støtteordningar i kommunen og andre tilskotsordningar, for å sikre at ikkje økonomi skal vere eit hinder for deltaking. Organisert idrett er likevel ikkje for alle, og kartlegginga har vist eit ønskje om lågterskel møteplassar. I Øygarden Kommune har ein blant anna Basecamp, Mental Helse Ungdom og Kraftsenteret som er plassert på Straume. På Ågotnes har fleire ungdomsklubb tilbud på Frihuset, og på Hjelteryggen er det nyleg opna ein ungdomsklubb. Sør i kommunen manglar det lågterskel møteplassar for ungdom. Ulike trussamfunn har også treffpunkt ein kan delta på, som er lokalisert rundt i kommunen.

Målgruppeinformantane er tydeleg på at dei saknar fleire opne møteplassar, men gjerne møteplassar som også legg tiltrette for uorganisert aktivitet. Dei seier samstundes at det å vere i ein organisert aktivitet er viktig, og at vaksne må leggje til rette for deltaking.

5.4 Kriminalitet og rus

Politiet har ein viktig rolle i å føreyggje at barn og unge utfører straffbare handlingar. Politiet rapporterer at dei utfører oppgåver for å førebyggje førstegongs kriminalitet og gjentatt kriminalitet, både i eit straffesakspor og i førebyggjarsporet. Politiets oppgåver kan vere å delta i politiråd, ha undervisning for ungdommar, dele viktige budskap på sosiale medium, og halde foredrag. Ved bekymring rundt ein ungdom kan politiet invitere til ein bekymringsamtale og ved kriminelle handlingar tilretteleggje for førebyggjande straffereaksjonar som ungdomsstraff/ungdomsoppfølging. Politiet mottek flest meldingar på vinningskriminalitet blant barn og unge, og arbeider saman med kommune og næringsliv for å førebyggje dette. Gjennom kartlegginga har målgruppa uttrykt misnøye med at politiet ikkje slår hardare ned på rus og kriminalitet. Informantar frå tenestene rapportera eit godt samarbeid med politiet i Øygarden, men det er eit generelt ønskje frå både dei og målgruppeinformantar at politiet beslaglegg meir illegale rusmidlar og våpen frå ungdom.

Basecamp har eit samtaleprogram som er tilrettelagt for ungdom som har naska. Dette er eit samarbeid mellom Øygarden Lensmannskontor, Sartor Storsenter, Barnevernet, Nokas og Basecamp. Programmet er utvikla lokalt, og målet er å legge til rette for refleksjon, forsoning, oppgjer og nyorientering (Basecamp, u.å.). I 2023 hadde dei totalt 15 sakar, og per andre kvartal 2023 har dei 5 sakar. Alle tjuverisamtalar går over fire samtaler med ungdommen. I samtalene er butikkleiar og føresette med.

Butikkane melder, etter oppfordring frå politiet, alt tjuveri. Dette har dei hatt høgare terskel for å gjere tidlegare. Formålet er å synleggjere utfordringa og for at unge som stel skal fangast opp tidleg. Kvar butikk har eige ansvar for å iverksette tiltak mot tjuveri. Sartor Storsenter har ein generell videoovervaking av senterets fellesområdet, som kan nyttas i forbindelse med butikkjuveri.

Fleire av informantane oppgjer at det manglar tilbod til unge som slit med rus, og rapporterer om mangel på kunnskap om rus. Det kan føre til at ein vegrar seg for å spørje om det, eller at ein er usikker på korleis ein skal snakke om tema. Nokre tilsette i kommunen har hasjavvenningsprogrammet (HAP), men bruken av HAP er ikkje satt i system. HAP er eit gratis tilbod som kan bli gitt til dei som ynskjer å trappe ned eller slutte med cannabis (hasj og marihuana). Det er også utvikla ein HAP-app som kan brukast på eigenhand av alle, som er anonym (Rusinfo, u.å.).

Alle tenester og privatpersonar kan ta kontakt med URO (Ung Rusoppdagelse), som er eit gratis korttidstilbod som har som mål å nå unge mellom 15-25 år før rusvanskane utviklar seg. Tilbodet er lokalisert i Bergen Sentrum, men jobbar ambulerande. Deira oppgåve er å kartlegge situasjonen og hjelpe vidare i oppfølging eller behandling. For ungdom som treng og ønskjer behandling vil i hovudsak BUP være rett instans. Dei kan kople på Avdeling for rusmedisin (AFR). AFR kan tilby poliklinisk eller ambulant behandling, men for ungdom under 16 år i hovudsak gjennom BUP.

Ungdomsskulane har utarbeida ein rusplan som gjer føringar for korleis ein går fram ved mistanke om rusbruk i skulen. Planen er meint som støtte for tilsette for korleis dei systematisk skal gå fram i møte med ungdom og rus. Vidare er kommunen med i "Rusarbeid i skulen" som er eit nettverksbasert forum i regi KORUS Bergen for erfaringsdeling og kompetanseutvikling. Målet er å førebyggje utvikling av rusproblem og å auke kompetansen i skulane.

Barnevernet kan koplås på i sakar der det er omsorgssvikt eller ungdommen har ei åtferd som kan skade deira helse og utvikling. Dei undersøker, gjer individuell oppfølging og kan sette inn tiltak som for eksempel MST (multisystemisk terapi). Ungdommen kan plasserast på barneverninstitusjon, dersom ingen andre tiltak nyttar og situasjonen eskalerer.

5.5 Heimesituasjon og psykisk helse - livssituasjon

Eit gjennomgåande funn i kartlegginga er at fleire strevar med psykiske utfordringar og at fleire er i behandling hos barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk, BUP. BUP er ein stad der barn, ungdom og foreldre deira får tilbod om hjelp med psykiske vanskar. Dei kan gjere ein generell og spesialisert utgreiing, og kan gje individuell- og familiebehandling, gruppetilbod og medikamentell behandling. BUP kan også gje råd og rettleiing til skular, barnehagar og andre tenester. Ved behov kan dei tilvise til Ambulante tenester i Helse Bergen, som gjer heimebasert behandling. Kommunen har også kommunepsykologar, kor ein kan tilvisast frå fastlege eller helsesjukepleiar. Kommunepsykologene behandlar milde til moderate psykiske vanskar.

Familie og rettleiingstenesta (FOR) er eit lågterskel tilbod som tilbyr rettleiing til føresette og familiar. Her treng ein ikkje tilvising, men kan søkje om hjelp sjølv.

Ungdomstenesta er ein tverrfagleg lågterskel teneste. Tenesta arbeider for å gje unge som har det vanskeleg tidleg og rett hjelp. Tenesta ligg på lågterskel nivå, og ein treng ikkje tilvising. Målgruppa er barn og unge i alderen 12-23 år, med ulike vanskar. Tenesta jobbar med ungdom som har utfordringar knytt til mellom anna skulevegving, psykiske vanskar og rusmiddelbruk. Psykisk helse og rus har ei stilling organisert i Ungdomstenesta. Tenesta jobbar utøvande og oppsøkjande, og møter ungdommen på deira arena.

6.0 Analyse av udekte behov

Vidare vil rapporten presentere behov for tidleg innsats, oppfølgingstiltak, og samhandling for å sikre eit trygt oppvekstmiljø. Tiltak retta mot foreldre, skular, fritidsaktivitetar og det oppsøkjande arbeidet vil også bli presentert, med mål om å styrke ungdomanes trivsel og meistring.

6.1 Tidleg innsats

Gjennom kartlegginga er tidleg innsats trekt fram som eit nøkkelpunkt når det handlar om ungdom med normbrytande åtferd. Nok og riktig informasjon er avgjerande for å sikre tidleg og rett hjelp. Terskelen for å be om hjelp er for mange høg, og systemet kan opplevast som tungrodd og vanskeleg å navigere i. Kartlegginga har belyst kor slitsamt det kan vere for føresette å vite kor ein skal starte når ein trenger ekstra hjelp og rettleiing. Ei av utfordringane er at dei fleste ungdomar og deira familiar blir tilbode same oppfølging uavhengig av kva problematikken er. Dersom ungdomen ikkje klarar eller vil møte til avtaler er det fleire tilbod som fell vekk. I tråd med HelseDirektoratets “Nasjonale rettleiar for psykisk helsearbeid barn og unge” (2023), skal kommunen sørgje for tilgjengeleg og tverrfagleg psykisk helseteneste, med formål om å gi tidleg hjelp og behandling til barn og unge med problematikkn knytt til rusmiddelbruk og psykiske plagar. Tilbodet bør ha eit familieperspektiv, tilby foreldrestøtte og ha fokus på medverking.

Ifølgje Barne- og likestillingsdepartementet (2009) er det eit tydeleg fokus på oppsøkjande arbeid. Ofte vil ungdom i målgruppa ikkje søkje aktivt hjelp gjennom eksisterande tilbod, og har gjerne låg mobiliseringsevne. Dette understrekar av informantar, som fortel at dei ikkje alltid får den psykiske helsehjelpa dei treng, då dei har vanskeleg for å nyttiggjere seg av ordinær behandling. Dette krev at ein legg opp til ein motiverande strategi for å inkludere desse ungdommane. Oppsøkjande arbeid er tidkrevjande og krev å etablere tillit over tid. Ein enkelt samtale er sjeldan er nok til å få ungdommen til å ta imot hjelp. Hovudmålet er å skape varige relasjonar som kan føre til positiv endring.

Mange ungdomar opplever utfordringar med BUP, spesielt at dei blir avslutta dersom dei ikkje klarar å møte til avtaler. Tenesteytarar uttrykkjer også at det er utfordrande å gjere vurderingar av psykisk helse og etterlyser meir tilgjengeleg kompetanse frå psykologar i det oppsøkjande arbeidet med unge.

Det er tydeleg at relasjonar er hovudessensen i samarbeid med målgruppa. Alle stader vaksne møter ungdom blir relasjonane satt på prøve. Det er ikkje alltid lett å skape ein allianse og relasjon med ungdomen då rammene tenestene arbeider i ikkje alltid gjer rom for dette og den tida det kan ta. Barn og unge har behov for trygge, stabile vaksne dei kan stole på. Dette presiserast i innleiande konsultasjon, og kjem også sterkt fram i kartlegginga. For å nå barn før den normbrytande åtferda utviklar seg er det naudsynt å kople på føresette tidleg, dette er eit sterkt funn i kartlegginga. Kartlegginga har vist at føresette som er til stades, set tydelege grenser og har tid til ungdomen sin er noko dei unge både ønskjer og treng. Føresette på si side har uttrykt ei avmakt i møte med normbrytande åtferd, og ein mangel på verktøy for korleis ein skal møte det. Relasjonen og samspelet mellom føresette og barn kan vere spesielt utfordrande, og moglegheita for rettleiing og støtte i slike situasjonar er eit behov som er fremma gjennom kartlegginga. Det å ha kontakt med nokon som er lett tilgjengeleg og som kan rettleie og støtte i vanskelege situasjonar. Når det stormar som verst er ein gjerne ikkje mottakeleg for systematisk foreldrerettleiing eller kurs.

6.2 Seksuell helse

Sjølv om det ikkje er sterke funn i kartlegginga knytt til dette tema kjem det likevel fram at ein treng meir fokus på seksuell helse i oppfølging av ungdom i målgruppa. Skulehelsetenesta underviser om tema og om det å sette egne grenser og respektere andres. Ungdom i dag har lett tilgang til porno, også skadeleg porno og i nokre tilfelle overgrepsmateriale. Dette gjer det ekstra viktig å fylle på med kunnskap slik at ungdom veks opp med ein sunn seksualitet.

Viktigheita av å tørre å spørje dei vanskelege spørsmåla fremmast i kartlegginga. Ein veit at det er fleire ungdommar som er utsett for seksuelle overgrep enn det ein avdekkjer. Det er viktig å tørre å spørje direkte, og fleire gonger, då det er eit tema mange vegrar seg for å prate om.

6.3 Kriminalitet

Alle som jobbar eller oppheld seg rundt ungdom har eit ansvar i å slå ned på uønskt åtferd, spesielt der ein annan part er skadelidande. Sjølv om ulike instansar gjer mange gode førebyggjande tiltak, opplev ein stadig at ein sitt "handlingslamma" i sakar. Kartlegginga har vist at ungdom er godt kjent med at dei under 15 år ikkje kan straffas, og i nokre tilfelle blir det brukt som eit argument for å gjere som ein vil. Press frå jamaldrande om å delta i uønskt åtferd for å få vere ein del av gjengen sett mange ungdommar i vanskelege situasjonar. Ein veit kor viktig det å høyre til er, og for nokon trumfar det moralen. Dette viser eit trusselbilette blant unge som er usynleg for vaksne.

Fleire meiner det er for lett å stele i butikkar. Butikkar med sjølvbetjeningskassar har vanskar for å oppdage all steling. Nokre stader i inn- og utlandet er det butikkar som vel å fjerne desse kassane nettopp av den grunn. Årsaka bak steling ligg i alt frå spenning, til at ein er fattig. Det å få arbeid og moglegheit til å tene egne pengar kan førebygge tjuveri hos dei stel grunna fattigdom.

6.4 Rus

Bruk av rusmidlar er dei fleste føresette sitt mareritt. Gjennom kartlegginga har ein sett kor vanskeleg det er å få ein fullstendig oversikt over rusbruk i målgruppa. I målgruppa er det fleire som eksprimenterer med rus, men dei fleste utviklar ikkje eit rusproblem. Som kartlegginga visar til finnes det moglegheiter for rusbehandling for ungdom. Bortsett frå tvangsplassering på institusjon så baserer all hjelp seg på at ungdomen ønskjer og klarer å delta. Å finne motivasjon til endring kan vere vanskeleg for dei fleste, og spesielt vanskeleg for ein ungdom. Det kan vere tøft å velje bort noko som kan ha fleire positive sider med seg for å få det betre på sikt.

For barn og ungdom er familien og skulen dei viktigaste arenaene for å førebyggje bruk av rusmiddel. Då mange barn tilbringar meir tid på skulen enn heime, har skulebaserte førebyggjande tiltak stort potensial. Universelle tiltak rettar seg mot alle elevar, ikkje berre risikogrupper. Dette gir alle moglegheit til å dra nytte av førebyggjande budskap, sidan alle kan møte risiko for eksponering av rusmiddel i oppveksten. Dette kan også hindre stigmatisering, då ein unngår å peike ut dei som allereie brukar rusmiddel. Studiar viser at det kan vere uheldig å samle høgrisikobarn i egne grupper, då dette kan normalisere rusbruk innanfor gruppa. Ved å inkludere alle elevar i det førebyggjande arbeidet kan skulen skape eit beskyttande miljø som støttar utviklinga deira og hjelper dei til å ta informerte val om rusmiddel (Folkhälsomyndigheten, 2021).

Skulane har vore aktive i å utarbeida rusplanen og opplev den som nyttig. Som eit vidare ledd i arbeidet med rusplanen bør ein sjå på korleis ein kan auka kompetansen til dei tilsette i skulen, der ein også vurderer kor omfattande det bør gjerast. Det er truleg at å arbeide med faktorar som styrkar det faglege og det sosiale miljøet for ungdom i målgruppa vil ha ein god og dempende effekt på rusbruk.

HAP- kurs er eit verktøy for ungdom som sjølv ønskjer å ta grep for å slutte med bruk av cannabis. Nokre tilsette i kommunen kan tilby dette, men det er ikkje systematisert. Om ikkje HAP-kurset kan gjennomførast i heilskap er det likevel nyttig å bruke element av det i samtalar om rus med ungdom. HAP-appen kan ungdom sjølv laste ned og bruke, men ei kartlegging av bruken viser at dei yngste brukarane har større behov for ekstra støtte i tillegg til appen. Mange uttrykkjer også eit ønskje om eit samtaletilbod i tillegg (Korus, u.å.). Vaksne som pratar med ungdom om rus, bør vere trenar i samtalemetoden motiverande intervju (MI) eller tilsvarande.

Fleire tilsette i skular og ulike tenester synes det er vanskeleg å handtere tydeleg rusa ungdom, som kjem rusa til skulen dag etter dag. Det er ikkje alltid føremålsteneleg å sende dei heim til foreldre som opplev det vanskeleg å handtere dei, samstundes har dei elevane som er rundt rett på eit trygt og rusfritt skulemiljø. Korleis desse ungdomane skal handterast i skulen, på ein måte som ivareteke dei og andre elevar, bør ein ha ein diskusjon rundt og ein plan på. Både skulane og foreldre opplev forventningar dei ikkje klarar innfri.

For å sikre at kommunen har oppdatert kunnskap og verktøy for å møte utfordringar blant barn og unge, er det avgjerande å auke kompetansen på førebygging. Eit mogleg tiltak er å vurdere deltaking i European Prevention Curriculum (EUPC) i regi av KORUS Midt. EUPC er eit kompetanseprogram som gir fagpersonar innsikt i førebyggingsstrategiar innan rus- og psykisk helsefeltet, og er spesielt relevant for å styrke den tverrfaglege innsatsen i kommunen (Folkhälsomyndigheten, 2021).

6.5 Skule

Det er tydeleg at ikkje alle ungdomar får utvikla sitt fulle potensiale i skulekvardagen. Skulen blir trekt fram som ein arena kor utanforskap kan blomstre. Gjennom Ungdata undersøkinga ser ein likevel at fleirparten trivst på skulen. Ungdata seier også at fleirtalet opplev at lærarane bryr seg om dei, og at dei passer inn blant jamaldrande. Kartlegginga har vist at ungdom i målgruppa har vanskar med å forhalda seg til fleire ulike lærarar, medelevar og dei krava som blir satt. Relasjonar poengtert som ein avgjerande faktor. Kartlegginga fremma ei bekymring rundt manglande oppleving av meistring hos barn og ungdom. Behovet for individuell tilpassa opplæring og opplæringsarenaer blir derfor poengtert. Manglande meistring på skulen viser seg også på andre arenaer i ungdommens liv, som heime og sosialt.

I Ungdata undersøkinga kjem ungdomsskulane i Øygarden kommune ein del dårlegare ut på kor nøgd elevane er med skulen sin, og kor mykje dei skulkar. 49% er nøgd med skulen sin som er 13% lågare enn landsgjennomsnittet, og 36% oppgjer å ha skulka mot 29% nasjonalt. Kartlegginga har vist at fleirtalet er på skuleområdet når dei skal, men at vegringa for å vere i klasserommet har auka. Dette samsvarar med kjøpesenterets rapportering om lite ungdom i skuletida. Informantane seier at faglege vanskar og manglande fellesskap med klassen er grunnen til at dei ikkje møter. Ungdomsskulane i Øygarden er med i MOT- programmet for å mellom anna styrke ungdoms sjølvbilete og evne til å ta gode val.

Overgangar i skule er ei spesielt sårbart tid, og gjennom kartlegginga har trygging av overgangar vore eit fokus. Informantane har belyst kor vanskeleg det kan vere for ein ungdom å forlate sitt trygge nettverk for ein ny, og gjerne større skule. Overgangar stiller krav til tilpassing hos eleven, og for ungdom i målgruppa kan det vere ekstra vanskeleg. Samarbeid mellom barne- og ungdomsskulane er derfor poengtert som ein føresetnad for å gjere overgangen så smidig som mogleg.

6.6 Samhandling av tenester

I forkant av kartlegginga gav instansar, føresette og skulene uttrykk for frustrasjon rundt mangelen på samhandling. Som nemnt har kartlegginga vist at det er vanskeleg å få oversikt over kor og kven ein kan ta kontakt med ved behov for hjelp. Kartlegginga har også vist at dei som har fått kontakt og hjelp likevel saknar kontinuitet og god samhandling i hjelpeapparatet. Fleire sit også med ei erfaring at tenestene arbeider dobbelt i fleire saker, og ein er usikker på

kva som er kven si oppgåve. Dette kan føre til slitne og motvillige unge, og føresette som mister oversikt. Kartlegginga har vist at fleire synes det er mykje snakk, men lite handling.

I kartlegging blir det peika på mangel på system for samhandling og at tilnærminga ikkje er heilskapleg. Teieplikta er også trekt fram som noko som kan gjere samarbeidet vanskeleg, og at tilsette kan vegre seg for samhandling då dei er redde for å gjere feil. Tenestene i kommunen har samhandlingsplikt. I følge helse- og omsorgsloven § 3-4 har kommunane ein plikt til å legge til rette for samhandling mellom ulike deltenester i kommunen, og med andre tenesteytarar der det er naudsynt. Dette for å sikre heilskapleg og samordna tenestetilbod (helse- og omsorgsloven, 2012, § 3-4). Eit funn i kartlegginga er at tenester har meir fokus på teieplikta enn på samhandlingsplikta.

Øygarden kommunen er ein BTI-kommune (betre tverrfagleg innsats), nettopp for å sikre denne samhandlinga. Kommunen har dei siste åra brukt ressursar på å implementere modellen, men funna viser at fleire ikkje er bevisst på eller kjenner nytteverdien. I innleiande konsultasjon kom det fleire innspel på behovet for eit system for samhandling. Som BTI – kommune har ein det, men bruken av modellen er kanskje ikkje godt nok kjent, eller det er andre hindringar som gjer til at den ikkje blir brukt. Målet med BTI-modellen er at tenestene skal arbeide målretta, effektivt og heilskapleg, slik at det ikkje oppstår avbrot i oppfølginga (Øygarden Kommune, u.å.-g).

6.7 Fritidsaktivitetar

Føresette har uttrykt ei uro over at fleire barn og unge er på Straume og Sartor i staden for å dra heim etter skulen. Politiet, senterleiar på Sartor Storsenter og skulane støtta oppunder denne bekymringa. Kartlegginga har vist at dei fleste i målgruppa er på skulen i skuletida, men oppheld seg på Sartor på ettermiddag/kveld. Mangel på andre fritidsaktivitetar og plasser å være har blitt nemnt av fleire som ein grunn til at Sartor blir aktuelt. Ein ønskjerr å være der jamaldrande er, og for fleire er det blitt Sartor senter.

Ikkje alle ønskjerr å delta i organisert idrett eller å være ein del av eit lag. Sjølv om kartlegginga har vist at deltaking i organisert aktivitet er viktig, passar det ikkje for alle. Ungdata viser at Øygarden kommune har lågare deltaking i organisert aktivitet enn mange andre kommunar, og fleire unge uttrykkjer også misnøye med lokalmiljøet sitt. Det er eit behovet for uformelle møteplassar, som ikkje sett krav til aktiv deltaking eller fysisk aktivitet. Ein open møteplass er ein måte å nå unge på, men for at dei skal fungere godt er det viktig at det er kompetente, trygge vaksne der. Behovet for å kunne vere fysisk aktiv i uformelle rammar og utan eit prestasjonspreg er eit funn i kartlegginga, dette er nemt av fleire. For eksempel skatepark eller parkour stativ, plassar der ein kan vere fysisk aktiv men også berre «henge». Informantane har poengtert at fleire tilboda retta mot ungdom er plassert på Straume, dette kan vere med på å trekke unge til kjøpesenteret.

7.0 FORSLAG TIL TILTAK

7.1 Tidleg og rett hjelp

Under avsluttande konsultasjon vart det fremma forslag om ein portal med oversikt over kva tilbod som finnes i kommunen. Det bør vere enkelt for føresette å finne ut kor dei kan ta kontakt ved bekymring. Å gjere det enklare å navigere vil lette byrden og terskelen for å be om hjelp. Det å opprette ein veg inn i hjelpesystemet er eit ønskje hos mange.

Ungdomstenesta praktiserer open telefontid kor ein blir rettleia vidare til riktig instans dersom saka ikkje er for tenesta. Eit forslag er å opprette eit telefonnummer, kor ein kan ta kontakt ved bekymring for barnet sitt. Telefonen må betjenast av fagpersonar med god oversikt over hjelpetilbod som kan rettleie til og ved behov støtte i kontakten med rett instans. Telefonen kan vere eit felles prosjekt mellom tenester som gjer oppfølging til barn og unge. Dette for å blir meir tilgjengeleg for foreldre, med ei meir fleksibel opningstid og eit breiare kompetanseområde.

Rettleiing og støtte til føresette er eit tema som går igjen gjennom kartlegginga. Føresette er dei viktigaste støttespelarane rundt ein ungdom, og dei som skal følgje dei hele livet. Det har vore foreslått auka kompetansen og tryggleiken, hos føresette, i å stå i den normbrytande åtferda. Eit tiltak kan vere lågterskel tilbod som foreldrekurs/samlingar for foreldre til ungdom i målgruppa.

Kartlegginga viser behov for fleksibilitet og tilgjengelegheit i hjelpa foreldre mottek. Ungdomstenesta sin utøvande funksjon og lågterskel tilnærming bør vurderast som ein modell for ein utforming av ei teneste som også treff yngre barn.

Eit tiltak for å sikre at føresette i Øygarden kommune får lik informasjon gjennom barnehagar og skular, er å sørge for ein raud tråd i informasjonen som blir gitt. Her vert det foreslått obligatoriske foreldremøte, tidlege kartleggingssamtaler og å kople på føresette tidleg ved bekymring. Gjennom kartlegginga er det foreslått auka fokus på overføringsmøter, temakvelder og bli kjent-dagar.

Tiltaka rundt rusproblematikk er fokusert på tidleg innsats. Informantane seier at det er vanskelegare å snu ungdom som har rusa seg ei stund, og at ein må nå dei før det har gått for langt.

I løpet av kartleggingsperioden har Øygarden kommune fått midlar frå Startforvaltaren til å utvikle ein utekontaktfunksjon, som skal styrke det oppsøkjande arbeidet retta mot ungdom. Oppsøkjande arbeid handlar om å nå fram til ungdom der dei oppheld seg, og bygge relasjonar som kan støtte dei i utfordrande livssituasjonar (Barne- og likestillingsdepartementet, 2009). Ungdomstenesta har allereie sett i gang eit samarbeid med Basecamp rundt ein utekontaktfunksjonen. Det skal vidare arbeidast med å forme funksjonen slik at den best mogleg kan møte behova til ungdommane i Øygarden.

7.2 Styrke kompetanse

Eit forslag til tiltak er å styrke kompetanse til tilsette i skulen på identifisering av utsette ungdom og handling deretter. Godt samarbeid mellom heimen og skulen er viktig, og bør prioriterast. Det å bruke Ungdata talla på ein meir strukturert måte, og hente ut informasjon derifrå som er relevant for både skulen, og dei ulike tenestene kan vere eit godt tiltak. KORUS er ein viktig samarbeidspartnar her. Å involvere Ungdomsrådet i dette arbeidet vil bidra til å sikre ungdoms medverking i utvikling av eventuelle tilbod og hjelpetiltak.

Miljørettlearane gjer ein viktig jobb inn mot målgruppa, men kartlegginga viser at det trengs samkøying av kompetanse og arbeidsmetodar. Alle miljøterapeutane bør gjennomføre «Rusarbeid i skulen – erfarings- og kompetanseutveksling» i regi av Korus, for å sikre ein felles opplæring og kompetanse rundt tema.

Meir fokus på å kople skulehelsetenestene og PPT på tidlegare er foreslått gjennom kartlegginga. Det hender at ein tenkjer spesialisthelseteneste og barnevern, men gløymer nytten skulehelsetenesta kan ha. Her presiserast igjen BTI-modellen, og at ein følgjer stega. Informantane nemner også at fleire kjem langt opp i ungdomsskulen eller vidaregåande før ein oppdagar at dei treng tilrettelagt undervisning. Her har det blitt foreslått auka fokus på kven som treng tilvising til PPT, og korleis ein kan støtte ungdommane for å sikre meistring.

7.3 Miljøtiltak

Kartlegginga viser ein einstemmig etterspørsel etter fleire lågterskel, uformelle møteplassar utanfor sentrumsområdet på Straume. Det blir poengtert eit behov for desentralisering av tilbod. Det er også eit ønskje om å etablere opne areal for fysisk aktivitet, som til dømes skateparkar, sykkelparkar eller opne hallar der ungdom kan drive med ulike former for fysisk aktivitet. I tillegg er det foreslått å utvide allereie eksisterande tiltak som har vist seg å vere populære og velfungerande.

Trygge vaksne på slike møteplassar er ofte avgjerande for at desse skal fungere godt. Eit forslag for å organisere dette er å bruke stillingar med lågare prosent, der miljørettlearar eller fagarbeidarar som til vanleg jobbar på skular, også kan bidra som utekontakt eller i ungdomsklubbar. Dette kan bidra til at desse vaksne oppnår full stilling ved å kombinere ulike oppgåver.

For å redusere kjøp og sal av rusmidlar på offentlege plassar, har fleire foreslått tiltak som auka kameraovervaking og større politinærvær. Samstundes har det blitt peika på behovet for å gi ungdom alternative måtar å tene pengar på, spesielt for dei som kan bruke sal av rusmidlar som inntektskjelde. Her kan kommunen søkje tilskotsmidlar til eit lommepegesprosjekt og gå i eit samarbeid med lokalt næringsliv for å gje ungdomar lønna arbeid.

Å skape aktivitet i opne sentrumsrom som i dag blir brukt til rusrelatert aktivitet er eit anna forslag til tiltak. Forslaget inkluderer å sette opp leikeapparat, treningsutstyr og lys med rørslesensor i område som til dømes bak Meny. Eit kreativt forslag er å dekorere trappane til Sjøfronttunnelen med motiv og lage ein konkurranse der folk kan telje "fjelltoppar" dei har gått, som ein referanse til lokalgeografien.

8.0 HANDLINGSPLAN

Tiltak	Kvifor	Korleis	Ansvar
Digital oversiktsportal av tilbud retta mot barn og unge i Øygarden	Gjere oversikten over tilbud i kommunen lettare tilgjengeleg.	Ein portal på kommunen sine nettsider. Bruke eit program som oppdaterast med oversikt over kva tilbud som finnes i kommunen, og BTI sin steg-for-steg instruksjon over korleis ein går fram ved bekymring.	HR, forvaltning og kvalitet. Informasjonsavdelinga
Felles hjelpetelefon der foreldre, ungdom eller andre kan ta direkte kontakt med hjelpeapparatet.	Gje rett hjelp til rett tid. Gjere det enkelt å komme i kontakt med hjelpetenester.	Ein telefon kor ein kan bli rettleia til riktig instans, eventuelt søke råd og rettleiing.	Barne- og familiesjef saman med einingsleiarar i aktuelle tenester
Auke ungdoms medverking i utvikling av tilbud og hjelpetiltak.	Gje ungdom informasjon om kva Ungdata tala viser.	Få informasjon ut til skulane. Nytte sosiale medium i auka grad i arbeidet med å spreie informasjon rundt aktuelle tilbud. Involvere ungdomsrådet i arbeidet.	SLT-koordinator
Lågterskel foreldrekurs og/eller samlingar til foreldre med barn med normbrytande åtferd.	Styrke føresette.	Kurs for å auke kompetansen og tryggleik hos føresette. Eit mål om å kunne handtere den normbrytande åtferda nokre ungdommar viser. Og for at foreldre skal finne støtte og samhald med andre foreldre som står i liknande situasjon.	Barne- og familiesjef
Raud tråd i innhald på foreldremøte på skular og i barnehagar.	Sikre lik informasjon til føresette.	Ein kontinuitet i informasjonen ein får frå barnehagen og opp gjennom skulen. Likt tema på ulike årstrinn i alle barnehagar og skular for å sikre felles forståing.	Skulesjef og barnehagesjef.

		Nytte dialogmøter med obligatorisk oppmøte.	
Auka oppdagar- og handlingskompetanse i skular og barnehage.	Kunnskap om risiko- og beskyttelsesfaktorar for å sikre at ein når sårbare barn og unge tidleg med rett hjelp.	Få ei oversikt over allereie eksisterande verktøy og felles bruk av desse. Sørge for at alle tenester har naudsynt opplæringsmateriale i Compilo med krav til oppfølging.	Kommunalsjef oppvekst saman med skulesjef og barnehagesjef
Oppretting av ei operativ og utøvande lågterskelteneste for barn og unge i alle aldrar	Ei lågterskel teneste som arbeider utøvande førebyggjande i saker som ligg i gul sone.	Samle tiltak og avdelingar som ligg på tvers av tenester i oppvekst.	Kommunalsjef oppvekst saman med barne- og familiesjef
Utvikle utekontaktfunksjon i Øygarden	For å styrke førebyggjande innsats og oppfølging av ungdom i risikosona, og å redusere utanforskap, rusmiddelbruk og kriminalitet blant ungdom i kommunen.	Utekontaktfunksjonen skal utviklast i samarbeid med Basecamp og andre tenester, og vere til stades på ungdommens møteplassar, som Sartor Storsenter. Utekontakten skal byggje relasjonar for å identifisere behov og tilby støtte gjennom oppsøkjande arbeid på dag- og kveldstid. Det vil vere eit tett samarbeid med skular, politi og helsetenester for å sikre ein heilskapleg innsats	SLT-koordinator Barne- og familiesjef
Kartlegge og styrke faglege ferdigheiter hos barn og unge som strevar med åtferd.	Utfordrande åtferd kan kamuflere manglande meistring i fag.	Det bør settast inn tiltak som er kompensierende og ikkje berre avlastande i skule. Barn og unge som nyttar alternative opplæringsarena må sikrast tydlege opplæringsmål. Krav til alternative opplæringsarena om å ha kjennskap til UDIR sine opplæringsmål.	Skulesjef Rektorar i barne- og ungdomsskulane
Sikre overgangar i skulen	Sikre overgangar mellom skuletrinn, da ein er spesiell sårbar i desseovergangane. Også fokus på overgang småtrinn til mellomtrinn.	Sikre informasjonsflyt gjennom overføringsmøter, temakveldar og bli kjent-dagar. Forsøk med elevutplassering på tvers av skular. Arbeide mot lik praksis i alle barnehagar og skular.	Rektorar i barne- og ungdomsskular

Plan for handtering av elevar med vedvarande og omfattande rusbruk i skulen	Sikre at elevar med rusutfordringar får eit godt opplæringstilbod samstundes som ein ivaretek dei andre elevane	Supplera det som ligg i rusplanen for skulane med ein handlingsplan for denne gruppa	Skulesjef i samarbeid med skuleleiarar og SLT-koordinator
Vurdere deltaking i EUPC-programmet	Dette vil bidra til å styrke kommunen sin førebyggingskompetanse og sikre at tilsette har oppdatert kunnskap om effektive førebyggjande tiltak.	Kartlegge aktuelle deltakarar i kommunen og leggje til rette for deltaking	SLT-koordinator og barne- og familiesjef i samarbeid med psykisk helse og rus
Utarbeide felles rammar for miljørettleiarane sin rolle i skulen.	Miljørettleiarane manglar rom for akutt og ambulerande arbeid.	Arbeide mot større grad av handlingsrom for miljøterapeutisk arbeid og oppfølging av enkelt elevar opp mot foreldre og andre tenester.	Skulesjef
Implementering av Motiverande Intervju (MI)	Sikre at fleire av tenestene og miljøterapeutane har opplæring i MI, slik at dette kan nyttast i møte med ungdom.	Ha ein implementeringsprosess i eit samarbeid med KORUS	Barne- og familiesjef og SLT-koordinator
Implementering av Tryggleiksprogrammet for alle unge under 18 år som har vore utsett for vald, ran, truslar eller seksuallovbrot	Sikre at unge som er utsett for kriminalitet igjen kan føle seg trygg i kvardagen.	Opplæring i programmet til alle miljørettleiarar i skulane som vil ha ansvar for gjennomføring.	Skulesjef og SLT-koordinator
Gje ungdom lønna arbeid	For å meistre, vere til nytte og førebyggje tjuveri grunna fattigdom.	Lommepegeprosjekt gjennom Bufdir midlar	SLT-koordinator og Kultur
Halde fram med implementeringsarbeidet av BTI	Ein opplever å mangle system på samhandling, som BTI eigentleg skal sikre.	Implementeringsarbeidet bør ligge hos skular og barnehagar for å sikre kunnskap om og bruk av hos eigne tilsette.	Skulesjef, rektorar i skular og styrar i barnehagar.
Oppfølging av BTI modell	Sikre at ein løyser ting på lågaste nivå, for å gje rett hjelp.	Sikre at alle tilsette kan og følgjer metoden. Fokus på kva nivå ein kan løyse problemstillingar på.	Oppvekstsjef
Open møteplass sør i kommunen	Ingen opne møteplassar eller ungdomsklubbar sør i kommunen. Ungdom og føresette ønskjer dette og det kan hindre at unge trekk til Straume.	Få i gang samarbeid med lokale frivillige organisasjonar og kommune for å opprette klubb- eller møteplasstilbod.	Kulturavdelinga

Skate- og/eller sykkelpark på Ågotnes	Det bør leggjast til rette for meir eigenorganisert aktivitet for barn og unge på Ågotnes.	Sjå på eit samarbeid med lokale lag og organisasjonar.	Kulturavdelinga
Nyskapande aktivitetsanlegg på Ågotnes	Det bør leggjast til rette for meir eigenorganisert aktivitet for barn og unge på Ågotnes.	Det er gjort eit moglegheitsstudie som har kartlagt behovet hos målgruppa, for å sikre at ein treff godt. Dette bør arbeidast vidare med.	Kulturavdelinga
Sikre trygge vaksne på opne møteplassar	Ein har behov for trygge vaksne for å drive lågterskel møteplassar.	Ved tilsetjing av miljøretteleiarar, fagarbeidarar og assistentar bør ein sjå på korleis desse kan arbeide i 100% stilling med delt arbeidsstad skule og klubb/møteplass.	Kommunalsjef oppvekst og kultur.
Auka fokus på seksuell helse og avdekking av overgrep	Viktig å tørre å spørje dei ubehagelege spørsmåla for å kunne avdekke eventuelle problem.	Opplæring i å stille direkte spørsmål om seksuelle overgrep og uønskt åtferd, slik at problem kan avdekkast tidleg	Alle einingar som arbeider med barn og unge.
Felles informasjonsopplegg rundt rus til foreldre og elevar	Sikre lik informasjon og kunnskap om de vanlegaste rusmidlane.	Tilpasse KORUS sitt undervisningsopplegg "RUS" til ungdomsskuleelevar	Ungdomstenesta i samarbeid med psykisk helse og rus
Tilbod om hasjavvenningsprogram (HAP) for ungdom	Sikre kjennskap og utføringmoglegheit til hasjavvenningsprogram hos fleire tenester.	Oversikt over kven som har opplæringa i kommunen og kan gjennomføra kurs.	SLT - koordinator
Auke risikoen for å bli oppdaga på utsette områder kor ein veit ungdom oppheld seg.	Nokre plassar på Sartor Storsenter og områda rundt manglar overvaking og vaksne til stade.	Auka kameraovervaking Natteramn, Utekontakt og Basecamp oppsøker desse områda når dei er ute.	Grunneigar Natteramn Ungdomstenesta Basecamp
Skape aktivitet i tomme sentrumsrom som Sjøfronttunnellen med trappeoppgang, bak Meny og bak Sartorparken.	Fylle tomromma der kjøp og sal av rusmidlar føregår med positive aktivitetar og tiltak.	Investering i leikeapparat/treningsapparat. Tilrettelegging med lys med rørslesensor. Lokal kunst på tomme flater. Trappeløp egna for alle feks med telling av trinn/km. "Spring på Liatårnet"	Sartor senter og andre private aktørar

REFERANSER

- Basecamp. (u.å.). Naskerisamtaler. Henta frå [Naskerisamtale · Basecamp \(basecamp-sotra.no\)](https://basecamp-sotra.no)
- Barnevernsloven. (2021). Lov om Barnevern (LOV-2021-06-18-97). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97>.
- Bergen kommune. (2023). *Bekymringsverdig rusmiddelbruk blant barn og unge i Bergen: Kartleggingsrapport 2023*. <https://www.bergen.kommune.no/api/rest/filer/V26129331>
- Berg, U.E.K. & Flesland, L. (2014). Hurtig Kartlegging og handling- manual. Revidert utgave. Stiftelsen Bergensklinikkene.
- Berg, E. K. U., & Vardheim, I. (u.å). *Kompetanse, samarbeid og samhandling i norske kommuner: En undersøkelse fra 73 norske BTI/BTS-kommuner*. KORUS Bergen og KORUS Sør.
- Bunting, L., Montgomery, L., Mooney, S., MacDonald, M., Coulter, S., Hayes, D., & Davidson, G. (2020). The mental health and wellbeing of young people leaving care: A systematic review of the literature. *Child and Adolescent Mental Health*, 25(3), 183-193.
- Folkhälsomyndigheten. (2021). En guide för yrkesverksamma om vetenskapligt baserad ANDTS-prevention: En svensk version av European Prevention Curriculum. Folkhälsomyndigheten. Tilgjengelig fra: www.folkhalsomyndigheten.se
- Haugseth, J.F. & Tjora, A., (u.å.). *Norm*. Store Norske Leksikon. Hentet 18/06.24 frå [norm – Store norske leksikon \(snl.no\)](https://snl.no/norm)
- Helse Bergen. (u.å-a). BUP Øyane. Henta frå [BUP Øyane - Helse Bergen HF \(helse-bergen.no\)](https://helse-bergen.no/bup-oyane)
- Helse Bergen. (u.å-b). Øyane DPS. Henta frå [Øyane distriktpsikiatriske senter - Helse Bergen HF \(helse-bergen.no\)](https://helse-bergen.no/oyane-dps)
- Korus. (u.å.). Unge, cannabisavvenning og hjelp av digitale verktøy - en undersøkelse om bruken av HAP-appen.
- Mental Helse Ungdom. (u.å.). MHU Sotra. Henta frå <https://mentalhelseungdom.no/moteplasser/mhu-sotra/>
- MOT. (u.å.). Hva er mot? Henta frå [Hva er MOT?](https://www.mot.no)
- Nordanger, D. Ø., & Braarud, H. C. (2014). *Utviklingstraumer: Regulering som nøkkelbegrep i en ny traumepsykologi*. Universitetsforlaget.
- Rusinfo (u.å.). Appen HAP. Rusinfo.no. [Appen HAP - Rusinfo](https://rusinfo.no/appen-hap).
- Statistisk sentralbyrå (u.å.). Alders- og kjønnsfordeling i kommuner, fylker og hele landets befolkning (K) 1986-2023. Hentet 30.04.2024 fra <https://www.ssb.no/statbank/table/07459/>
- Steinberg, L. (2014). *Age of opportunity: Lessons from the new science of adolescence*. Houghton Mifflin Harcourt.
- Straffeloven. (2005). Lov om straff (LOV-2005-05-20-28). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2005-05-20-28>
- Tobiassen, M. & Skovrand, M. (2023, 11. November). Ungdomskriminaliteten øker flere steder i Norge. VG. <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/LIR2dQ/ungdomskriminaliteten-oeker-flere-steder-i-norge>
- Smetana, J. G. (2017). Parenting, adolescent-parent relationships and socioemotional development in adolescence. *Journal of Research on Adolescence*, 27(1), 5-20.
- Øygarden Kommune. (u.å-g). Betre tverrfagleg innsats. Henta frå <https://oygarden.betreinnsats.no/om-bti/#grunnmodellen>
- Øygarden Kommune. (u.å-f). Fritidsklubbar. Henta frå [Fritidsklubbar - Øygarden kommune \(oygarden.kommune.no\)](https://oygarden.kommune.no/fritidsklubbar)



Øygarden Kommune. (u.å.-d). Helsestasjon for unge. Henta frå <https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barn-unge-og-familie/helsestasjon/helsestasjon-for-ungdom/>

Øygarden Kommune. (u.å.-a). PPT. Henta 12.02.24 frå <https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/skule-og-sfo/skule/pedagogisk-psykologisk-teneste-ppt/>).

Øygarden Kommune (u.å.-e). Skulehelsetenesta. Henta frå <https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barn-unge-og-familie/helsestasjon/skulehelsetenesta/>

Øygarden Kommune. (u.å.-b). Skuleoversikt. Henta frå <https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/skule-og-sfo/skule/skuleoversikt/>

Øygarden Kommune. (u.å.-c). Ungdomstenesta. Henta 12.02.23 frå <https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/barn-unge-og-familie/ungdomstenesta/>